

«Nordastykkje» - Innmarksbeite utan vegforbinding.

Omtale:

«Nordastykkje» er eit av fleire teigar som står i fare for å gro att med tap av biologisk mangfald og element av kulturlandskap. Den vart brote om til slåtteteig av oldefar og farfar i slutten av 1920- åra der landbruksdrift har påverka utforminga av landskapet og prega dei kulturhistoriske, biologiske og estetiske verdiane. Enga var fin og i god stand fram til slutten av -80 åra, då farfar levde og dreiv garden på heiderleg vis. Men sida 1991 har bruket ikkje vore drifta, då den førre eigaren var friteke bu – og driveplikt.



HØYSLÅTT: For oss ungane var det alltid moro å få vera med i slåttan. Å leika gøymespel i hesjane eller å få sitja på høylasset, var mellom favorittane. Når sola steikte vart me utrusta med kortbukser og t-skjorter. Farfar brukte skjorte, langbukse, skuggelue og langt undertøy. Han kleidde varmen ute vart det sagt. Det var ein heilt eigen ro over slåttanna. Alle bakkane skulle slåast. Heilt ned i fjøresteinane der ein berre kom til med ljå. Hesten var den viktigaste kraftkjelda på garden. Ein trufast ven og arbeidskamerat. Når siste høylasset var komen i hus vart det feira med slåttegraut. Medan Blakken fekk fri til å gå på beitet. Bilete her er teke under slåttanna på Sellevoll i Alversund i 1989. I høyvogna står Ragnvald Sellevoll. FOTO: Ove Valle

Føremål:

Målet mitt er å setja i stand den omlag 20 mål store teigen i Radsundet i Alversund til blomstereng med årleg seinslått av høy til husdyrfôr. På hausten skal eng brukast til beiting av sau eller storfe. På den måten kan eg bidra til auka medvit rundt jordbrukets historiske miljø -og kulturlandskap.

Tiltak:

Beiting: Grisebeiting på deler av teigen der det ikkje er kisteveiter, eller anna fare for avrenning til elv og hovudgrøfter. Utegrisar er gode jordtrælar og kan vende jorda på stader der det er grunne og vanskeleg å kome til med mekaniske jordreiskap. I tillegg gjødslar dei godt.

Grøfting: Drenering med strikkgrøfter der det er nødvendig.

Pløgsle: Haustpløying vert føretrekt på denne gamle enga der knappsiv, lyssiv og bjørnemose har teke over som følgje av vasstrekt og tettpakka jord. For å unngå erosjon tar eg små felt på maks 1 mål der det står att gode kantsoner slik at jorda ikkje går på vandring med vatnet. Pløyinga vert gjort på tvers av fallretning for å redusera eventuell avrenning til stikkgrøfter.